



ULSTEIN KYRKJE
Saman på ferda



Årsmelding 2021

Godkjent av Ulstein sokneråd i S-sak 2022/13



DEN NORSKE KYRKJA



Den Norske Kyrkja

Ulstein sokn

Kyrkjekontoret

Sjøgata 61 (Pb. 143)

6067 Ulsteinvik

Tlf.: 70 01 76 80

E-post: post.ulstein@kyrkja.no

Facebook: [Ulstein kyrkje](#)

Nettside Ulstein sokn: www.ulsteinkyrkje.no

Nettside Ulstein nye kyrkje: www.ulsteinnyekyrkje.no

Innhold

Lys og varme frå ei bålpanne	5
Solskinshistorier i Ulstein kyrkje frå 2021	6
Statistikk	10
Ulstein Sokneråd	13
Staben i Ulstein kyrkje	17
Prestetenesta i Ulstein kyrkje	18
Diakoni i Ulstein kyrkje	20
Kyrkjemusikk i Ulstein kyrkje	25
Undervisning og trusopplæring i Ulstein kyrkje	28
Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane	34
Bygg og anlegg	36
Økonomi	41
Informasjon og kontakt.....	45



Til venstre: Ulstein kommune var med og las juleevangeliet.

Til høgre: Frid og Enklekoret framførte Oh Come All Ye Faithful, som vart sendt på Facebook.



Lys og varme frå ei bålpanne

Det blei ei tung jul for oss i kyrkja i 2021. Avlyste skulegudstenester, digital ju-laftangudsteneste igjen og eit kyrkjerom som ikkje fekk romme meir enn 50 der vi har vore 500 før. Igjen måtte jul flyttast ut av kyrkjerommet. Bålpanna vart tent, gløgg blei servert og eit julepostløp rundt kyrkja installert. Og Julemaleriet liste over nysnøen som kom som bestilt på julaftan.

Levande flammar frå eit bål varma dei som kom, og bålpanna på kyrkjebakken vart møtepunktet der vi ønskja god jul til kvarandre. Der bålpanna er tent er det hjartevarme også. Eit vitne om håp og at vi er til for kvarandre. Aldri før har matkasseaksjonen «Hjartevarme til jul» delt ut meir mat enn i 2021.

Mange let seg tenne og har eit brennande engasjement for kvarandre, i eit rikt og mangfaldig barne- og ungdomsarbeid, i teneste for kvarandre gjennom di-akoni og misjonsarbeid, gjennom musikk og ei forkynning som trøystar, bygger oss, tenner von og ber oss gjennom ei utfordrande tid.

Sjølv om vi ikkje fekk samla så mange menneske som vi gjerne ville i 2021 fekk vi erfare sanninga i bibelordet:

*“Der to eller tre er samla i mitt namn,
der er eg midt iblant dei.”*

Matt.18, 20

Solskinshistorier i Ulstein kyrkje frå 2021

Tårnagentane utforskar kyrkja

Gjennom besøk på ulike postar blir 8-åringane kjende med lokalhistorie, referansar frå bibilen og korleis fellesskapen i kyrkja er relatert til våre liv. Å krype rundt frå kjellar til loft i eit så gammalt bygg er spanande! Det finst til og med ei sklie til å kome seg ned frå loftet med! Tårnagentsamling var det første tiltaket der vi fekk samle borna fritt utan strenge korona-reglar. Av 68 som blei invitert var det 43 som møtte opp.



Medarbeidarfest

Det er mange som engasjerer seg som frivillige i kyrkjelyden. Nokon syng, nokon bakar, andre dreg på leir, bidreg økonomisk, fremjar misjonsarbeid, gir flyktningane hjelp, tek bilete eller bidreg på andre måtar. Hausten 2021 inviterte Ulstein sokneråd over 180 frivillige og staben til ein stor takke- og inspirasjonsfest. Å kunne møtast ansikt til ansikt, ha god mat og underhaldning var ei stor oppleving!

Oppussing av kyrkjekontoret

Det var på høg tid å gi kyrkjekontoret eit løft. Staben gjorde ein stor innsats med å flytte, rydde og male i ei periode der det var noko mindre aktivitet enn vanleg pga. Corona. Det blei lagt nytt golv og installert eit toalett nr. 2. Nokon traff til og med gnistrande blink i forsøket på å henge opp biletet...



Kyrkja på senteret

Å få etablert eit rom på Blåhuset som ein stad for å ta ein pause, møte nokon frå kyrkja og ha moglegheit til samtale vart eit viktig og relevant svar på einsemd og redusert sosial kontakt som Corona-pandemien har ført til for mange. Diakonvikar Mari Ann Vattøy held kyrkja på senteret open kvar onsdag.



TenSing-konsert på Sjøborg

Alle restriksjonar som har prega året 2021 har ikkje klart å ta pågongsmotet frå Ulstein TenSing. Dei har satsa på konsert på Sjøborg i juni og fylte Sjøborg med så mange det var mogleg på 2 konsertar. Livsgleda publikummet fekk oppleve saman med høg kvalitet gjorde dette til eit stort håpsteikn i pandemien si tid.



Nye dører og nytt varmeanlegg

Hovuddøra og dei to inngangsdørene ved sakristiet kom på plass og ved hjelp av stønad frå Riksantikvaren og kommunale investeringsmidlar fekk vi skifta varmesystemet i kyrkja. Brrente skosålar er historie og alt det elektriske arbeidet er også eit viktig tiltak for å minimere faren for brann.



Ordinasjon av Mirjam til prest

Det var ein dag fullt av glede, smil og gode ord då Mirjam Håland Igland vart ordinert til presteteneste i Ulstein kyrkje. Vi har fått ein kapellan med eit stort engasjement for å bygge kyrkjelyden!



Statistikk

Folkekirkja er godt forankra i Ulstein

Over fleire år har vi registrert ei svak auke i medlemstalet i Ulstein i forhold til folketalet. Også oppslutnad om dåp har vore stigande og også talet på konfirmerte i forhold til 15-åringar som er medlem i Den norske kyrkja har auka igjen.

Dette vitnar om at kyrkja i Ulstein er viktig for eit stort fleirtal i samfunnet ved dei store hendingane i livet.

	2018	2019	2020	2021
Folketal	8595	8571	8575	8539
Medlemar og tilhøyrande i DNK	6622	6607	6641	6616
% medlemar i DNK	77,0 %	77,1 %	77,4 %	77,5 %
Innmelde i DNK	6	8	4	11
Utmelde frå DNK	20	20	21	24
Fødde i Ulstein kommune	84	108	85	109
Døypte nyfødde folkeregistrert i Ulstein *	65	76	67	88
% døypte av fødde folkeregistrert i Ulstein	77,4 %	70,4 %	78,8 %	80,7 %
15-åringar (medlem i DNK)	98	111	120	85
Konfirmerte i Ulstein	92	95	112	81
% konfirmerte av 15-åringar (medlem i DNK)	93,9 %	85,6 %	93,3 %	95,3 %

* ikkje alle barn blir døypte same året dei er fødde. Mange som blir fødde dei tre siste månadane i kalenderåret blir først døypte i løpet av dei første 3 månadane i det nye kalenderåret.

Difor varierer tala litt frå år til år dersom ein ønskjer å dokumentere kor mange av dei som blir fødde også blir døypte.

Ulstein er eit samfunn med mange tilflyttarar frå andre land som ofte høyrer til andre kyrkje- eller trussamfunn. Krevjande tider i næringslivet har ført til at nokon av desse har flytta ut av Ulsteinvik igjen. Saman med god oppslutnad om dåp kan dette vere grunn til at medlemsskap i forhold til folketalet har gått opp noko.

Kyrkjelege handlingar

Store deler av året 2021 var tydeleg prega av restriksjonar i forhold til kor mange som kunne møtast i kyrkja. Med eit lite kyrkjebygg i Ulstein og ein tradisjonell høg oppslutnad om gudsteneste har dette vore ei krevjande tid for å bygge kyrkjelydsfellesskapen. Vi har brukt ein del ekstra ressursar i gjennomføring av dåp, konfirmasjon, vigsler, gravferd og gudstenester for å kunne tilby best mogleg teneste. Det har vore litt fleire dåp og vigsler i 2021 enn i 2020 fordi nokre har venta med dette til dei kunne samle fleire for å feire dette.

Kyrkjelege handlingar	2018	2019	2020	2021
Dåpshandlingar i soknet	61	76	55	74
Konfirmerte i kyrkja	92	92	112	81
Kyrkjelege vigsler	15	15	10	14
Gravferder	54	54	52	53

Nedgangen i talet på deltakande på gudstenester har ein heilt klar samanheng med restriksjonane i samband med Covid-19. Mange har følgt gudstenesta gjennom strømming på YouTube og Facebook, noko statistikken under ikkje kan talfeste.

Det har også vore to lengre perioder der utdeling av nattverd ikkje kunne vere ein del av gudstenesta pga. smittevernsrestriksjonane. Også her ser vi ein tydeleg nedgang i forhold til tidlegare år.

For å kunne gi rom til fleire deltakrar har vi gjennomført nokre gudstenester på kulturhuset Sjøborg. Også talet på gudstenester i friluft har gått opp grunna smittevernsreglane.

Det var ei stor sorg å ikkje kunne invitere skulelevane til skulegudsteneste før jul og å ha svært avgrensa deltakartal på julafesta og juledag.

Andakter på institusjonane har vore eit viktig satsingsområde, og i løpet av 2021 har vi utvida tilbodet også til institusjonen i Holsekervegen.

Andakter	2018	2019	2020	2021
Andakter på institusjon eller alderheim	72	72	72	113

Gudstenestestatistikk

Gudstenester	2018	2019	2020	2021
Antal gudstenester totalt	86	93	98	80
Deltakrar, gudstenester totalt	15.126	16.074	7.047	6.423
Gjennomsnitt pr. gudsteneste	176	173	72	80
Antal gudstenester, søn- og helligdagar	61	56	34	58
Deltakrar, gudstenester søn- og helligdagar	11.761	10.963	3.301	5.276
Gjennomsnitt deltarar pr. gudsteneste	193	196	97	91
Gudstenester utanom søn- og helligdagar	25	37	64	22
Deltakrar, gudstenester utanom søn- og helligdagar	3.365	5.111	3.746	1.147
Gjennomsnitt deltarar pr. gudsteneste	135	138	59	52
Antal gudstenester i soknet si kyrkje	74	79	87	57
Antal gudstenester på institusjon i soknet	9	9	4	4
Antal gudstenester annan stad i soknet	3	5	7	19
Antal gudstenester med nattverd	62	58	27	34
Deltakrar, gudstenester med nattverd	5.418	5.129	1.673	1.782
Antal gudstenester med skriftemål	0	2	0	1
Antal familie- og barnegudstenester	12	12	6	5
Deltakrar, familie- og barnegudstenester	3.003	2.714	681	335
Antal gudstenester for barnehagar	3	3	2	3
Deltakrar, gudstenester for barnehagar	260	244	64	150
Antal gudstenester for skuleelevar	3	5	1	0
Deltakrar, gudstenester for skuleelevar	1.194	1.413	44	0
Antal gudstenester for ungdom	14	12	9	4
Deltakrar, ungdomsgudstenester	2.733	2.516	1.063	678
Antal gudstenester med dåp	36	40	37	33
Deltakrar, gudstenester med dåp	6.087	6.620	2.866	2.723
Antal konfirmasjonsgudstenester	4	4	8	6
Deltakrar, konfirmasjonsgudstenester	1.728	1.800	841	817
Antal julaftangudstenester	3	3	3	2
Deltakrar, julaftangudstenester	1.028	1.015	288	125
Antal gudstenester i påska	5	5	9	4
Deltakrar, gudstenester i påska	580	656	57	21

Ulstein sokneråd

Soknerådet er styringsorganet til den lokale kyrkjelyden, og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt. Rådet vert valt på nytt kvart 4. år. Inkludert kommunal representant blir soknerådet utvida til Ulstein kyrjelege fellesråd som har ansvar for økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvalting. Ulstein kyrjelege fellesråd er arbeidsgjever for alle tilsette i kyrkjelyden, utanom prestane.

Ulstein sokneråd/Ulstein kyrjelege fellesråd 2019-2023

Medlemar:

1. Odd Arne Vikebakk (leiar)
2. Annelise Kleven Godø (nestleiar)
3. Karianne Sveen Orvik
4. Hannelore Måseide
5. Bodil Muren Voldsunnd
6. Lidbjørn Vattøy
7. Karet Malen Nesset
8. Cecilie Frantzen Skeide
9. Sokneprest Margit Lovise Holte

Sokneprest Margit Lovise Holte hadde permisjon fram til 07/2021. I permisjonstida var vikarprest Stine M. Lerheim geistleg representant i sokneråd.

Sokneprest i Hareid, Lars Hartig-Tangedal var vara for geistleg representant i Ulstein fram til 07/2021
Kapellan i Ulstein, Mirjam Håland Igland er vara for geistleg representant frå 08/2021

Konstituering:

Leiar: Odd Arne Vikebakk
Nestleiar: Annelise Kleven Godø
Sekretær: Kyrkjeverje Christfried Kaul

Ulstein kommune sin representant i kyrjeleg fellesråd: Ordførar Knut Erik Engh
Kommunal vararepresentant: Stian Skorgen Scheide

Utval og kontaktpersonar

Arbeidsutval: Odd Arne Vikebakk, Annelise Kleven Godø, Cecilie Frantzen Skeide, Margit Lovise Holte, Karet Malen Nesset (vara), Christfried Kaul (sekretær)

Administrasjonsutval: Odd Arne Vikebakk, Annelise Kleven Godø, Cecilie Frantzen Skeide, Karet Malen Nesset (vara), Christfried Kaul (sekretær)

Tilsettrepresentant: Ingrid Madli Sæter

Verneombud for dei tilsette: Johanne Krogstadmo fram til 08/2021, Lill-Marte Apelseth Solbakken frå 09/2021.

Gudstenesteutval (har ikke hatt møter i 2021):

Karianne Orvik, Margit Lovise Holte, Mirjam Håland Igland, Ståle Helvig, Inge Kaldhol (sekretær).

Diakoniutval:

Cecilie Frantzen Skeide, Mari Ann Vattøy.

Undervisningsutval (har ikke hatt møter i 2021):

Karete Malen Nesset, Ingrid Madli Sæter, Bjørn Losvik.

Kyrkjemusikkutval:

Øyvin Sønnesyn, Jan Thomodsæter, Ståle Helvig, Bodil Voldsund.

Planutval for nytt kyrkjebygg:

Harald Nordal (Ileiar), Jostein Kiperberg, Svein Arne Orvik, André Sæter, Arne Runar Vik, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul (sekretær).

Kyrkjekunstkomiteen (har ikke hatt møter i 2021):

Øyvin Sønnesyn, Linda Hasund, Hugo Opdal, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul.

Vedlikehaldsutval Ulstein kyrkje:

Lidbjørn Vattøy, Åsmund Lunde, Christfried Kaul.

Kontaktpersonar:

Kirkens SOS: Mali Åm.

Saker som Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd har arbeidd med i 2021:

- Ulstein nye kyrkje – forankring av prosjektet i Ulstein kommune sin langtidsplan for investeringer
- Ulstein kyrkje sitt arbeid gjennom utval, arbeidsgrupper og kontaktpersonar
- Lokalt smittevernsreglement for arbeid i Ulstein kyrkje
- Kyrkjelydsarbeid i lys av pandemien
- Utvikling av digitale arbeidsmåtar for Ulstein kyrkje på nett
- Rekruttering av kantor
- Tilsetting av kyrkjegardsarbeider
- Utlysing kapellanstilling
- Høyring ny kyrkjeordning
- Justering av lokal grunnordning for gudsteneste
- Etablering av minnelund på Osnes kyrkjegard
- Oppstart arbeid for Kulturvernplan for Vik kyrkjegard
- Vedlikehald Ulstein kyrkje (nye dører, nytt oppvarmingssystem)
- Fornying av utstyr for arbeid på kyrkjegarden (ny traktor og tilbehør)
- Tildeling av kyrkjeoffer
- Budsjett og rekneskap

Ulstein sokneråd 2019-2023



Odd Arne Vikebakk



Annelise Kleven Godø



Karianne Orvik



Hannelore Måseide



Lidbjørn Vattøy



Karet Malen Nessel




Cecilie Frantzen Skeide



Bodil Muren Voldsun



Andre Sæter (1. vara)



Andreas Alexander
Felix Sæbø (2. vara)



Åsmund Lunde (3. vara)



Kristian Osnes (4. vara)



Hildegunn Lillebø
Fiskerstrand (5. vara)

Prestar i Ulstein sokn 2021



Margit Lovise Holte
Sokneprest



Stine Margrethe
Lerheim
Prestevikar



Mirjam Håland Igland
Kapellan



Øystein Bjørdal
Vikarprest



Leidulv Grimstad
Vikarprest

Tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd 2021




Christfried Kaul



Johanne Krogstadmo



Ståle Helvig



Bjørn Losvik



Ingrid Madli Sæter



Inge Kaldhol



Karine Sæter



May-Britt Nesse Garnes



Mari Ann Vattøy



Jan Erling Davidsen



Fabrice Irambona



Marius Erstad
Schjelderup



Vamathevan Sellathamby



Ruben Voldsun



Ilse Anita Eide
Moltumyr



Lill-Marte Apelseth
Solbakken

Staben i Ulstein kyrkje

Prestar i Ulstein sokn

Sokneprest	Margit Lovise Holte	100%	(Permisjon til 07/2021))
Kapellan	Mirjam Håland Igland	100%	(frå 08/2021)
Prestevikar	Stine Margrethe Lerheim	80%	(til 07/2021)
Vikarprest	Øystein Bjørdal		(januar-mars 2021)
Vikarprest	Leidulv Grimstad		(april-juli 2021)

Faste tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeverje:	Christfried Kaul	100%	
Sekretær:	Johanne Krogstadmo	80%	(til 07/2021)
Sekretær:	Lill-Marte Apelseth Solbakken	100%	(frå 08/2021)
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:	Jan Erling Davidsen	100%	
Kyrkjegardsarbeidar:	Fabrice Irambona	100%	(til 07/2021)
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:	Marius Erstad Schjelderup	50%	(frå 09/2021)
Kantor:	Ståle Helvig	100%	
Diakon:	Karine Sæter	15-70%	(permisjon)
Diakonvikar:	May-Britt Nesse Garnes	30%	
Diakonvikar:	Mari Ann Vattøy	70%	
Kateket:	Bjørn Losvik	100%	
Kyrkjelydspedagog:	Ingrid Madli Sæter	100%	
Klokkar:	Inge Kaldhol	timebasert	(ca. 13%)
Reinhaldar:	Sellathamby Vamathevan	27%	

Prosjektstillingar:

Ped. leiar Byggeklossen Open Bhg:	May-Britt Nesse Garnes	20%
Ungdomsarbeidar:	Ruben Voldlund	20%

Endringar i staben

Det var ei stor glede å ta imot Mirjam Håland Igland som ny kapellan i Ulstein august 2021. Også Margit Lovise Holte kom tilbake i august som sokneprest etter studiepermisjon. Stine Lerheim gjekk tilbake til lærarstilling i sommar etter eit år med ein engasjert vikarteneste i Ulstein. Leidulv Grimstad, Øystein Bjørdal og Matias Austrheim har også vore vikarar og gjort ein strålande innsats.

På fellesrådssida er det også større endringar: Lill-Marte Apelseth Solbakken starta som ny sekretær i august 2021 etter at Johanne Krogstadmo slutta. Marius Erstad Schjelderup starta som kyrkjegårdsarbeidar / kyrkjetenar i august 2021 etter at Fabrice Irambona slutta.

Vurdering

2021 vart igjen eit år prega av Korona- pandemien på mange område. Planleggingshorisonten var kortare og vi måtte handtere endringar på kort varsel pga. regelverket som var under konstant endring. Staben trengte å utvikle nye løysingar på mange område. Sjølv om vi framleis var kreative og klarte å motivere oss til ekstra innsats, har pandemien også vore slitsom å handtere i lengda. Med nye medarbeidrarar i staben og endringane som pandemien påført samfunnet er det ikkje berre å gå tilbake til tida før pandemien. Det vert ein viktig prosess i 2022 å utvikle stabsfellesskapen og finne gode rutinar for arbeidet vårt i samspel med råd og frivillige.

Likestilling, integrasjon og mangfold

Det er 16 personar i staben i Ulstein sokn, 8 kvinner og 8 menn. Det er 2 tilsette med innvandrarbakgrunn. Det er ingen tilsette med nedsatt funksjonsevne. 9 har fullført utdanning ved høgskule eller universitet, 4 år eller meir.

10 av dei tilsette er fast tilsett i Ulstein kyrkjelege fellesråd, 2 er tilsett som vikarar. 1 av dei faste tilsette er i permisjon. 2 har Møre bispedømeråd som arbeidsgjevar, og 2 har andre arbeidsgjevarar og der vi kjøper eller leiger tilsette. Det er 10,1 årsverk i dei faste stillingane. Det er ein mannleg tilsett i fast deltidsstilling og det er 2 mannlege tilsett i fast timebasert engasjement, det er 2 kvinnelege vikarar i deltidsstilling.

Prestetenesta i Ulstein kyrkje

2021 har vore eit særslig år også i kyrkja på grunn av koronapandemien. Våren var prega av å gjere prestetenesta innanfor dei rammene som var mogleg med stadig skiftande reglar knytt til smittevern, vask av kyrke mellom seremoniar, avstandsreglar som justerte antal menneske som kunne delta. Hausten var prega av noko mjukare restriksjonar, før ein i slutten av september kunne opna opp kyrkja att. Vi merka at fram mot advent melde folk seg gradvis på att, og vi kunne starte opp med aktivitetar og vanlege gudstenester og opne gravferder. Desember var deretter prega av gradvis og mest full nedstenging, og det var vedig tøft å mått byrje med påmeldingslister og digitale gudstenester igjen. Vi har fått testa omstillingseigenskapane våre, men med eit særslig godt samarbeid med kommunelegen har vi gjort prestetenester innanfor dei rammer som har vore tilstades.

Varsling av dødsbodskap, besök til døyande, besök på sjukeheimar og heimebesök har vi gjennomført med covid-testregime og førehandsreglar, og vi er glade for å ha unngått smittesituasjonar så reglar og førehandsreglar har fungert. Vi har funne nye møtestader og den digital kompetansen har blitt utvikla. Det har gjeve nye samhandlingsformer og vi har treft nye mennesker. Men å vere kyrkje er levnade mennesker som bygger levande fellesskap og vi ser fram til igjen å vere ilag i levande menneskemøter.

I studiepermisjon for sokneprest Margit Lovise Holte (haust- t.o.m. vår '21) fungerte prestevikar Stine Lerheim fram til sommaren. Kapellanstillinga hadde vikar Øystein Bjørndal den første delen av våren, og Leidulv Grimstad fram til sommaren. 1. august kom Margit Lovise Holte tilbake, samt den nylanserte kapellanen i Ulstein Mirjam Håland Igland. Ho vart ordinert 19. september i Ulstein kyrkje av biskop i Møre, Ingeborg Midttømme. Det var ei stor hending for kyrkja og for Ulstein. Vi kan ikkje finne tilbake til når Ulstein kyrkje sist hadde prestevigsle. Det er også fyrste gong i historia at Ulstein har to kvinner som tener i prestebetet.

Hausten bar preg av at ein ny medarbeiter skulle bli kjent og finne sin plass. Vi har gode samarbeidsrelasjonar med kommune, politi og frivillige organisasjonar, og det vart besök hjå ordførar, politistasjonsleiar, legesenter og andre institusjonar i samfunnet.

Hausten inkluderte ei ny gudstenesteform; «Spor av Gud» som diakon Mari Ann Vattøy og Magne Grimstad jr i Holy Ghost band er med å lagar til. Her fokuserer vi på den gode samtalen som tek utgangspunkt i korleis menneske sine liv og erfaringar, og korleis dei pregar spor av Gud, eller fråvær. Intensjonen med samtalen er at livet og trua skal bindast saman, og vi kan bli betre kjent med kvarandre, og vonaleg våge andre samtalar når vi er ilag. Vi har også rom for ulike musikkstilar, og glad for det mangfaldet som bandet bringer med seg. Ungdomsgudstenesta «Drypp» er også eit konsept som har vore gjennom ein fornyingsprosess med ein oppstart att til våren. Samtalar, rettleing og sjelesorg er ei viktig del av prestetenesta og vi har opplevd ein oppgang og pågang i dette. Koronatida har sett eit fokus på livet og korleis ein lever det, og mange ønsker ei reorientering og ny vekst. Andre har hatt store tap og kjenner behov for sorgstøtte og reorientering. Særskilt er helgemesse ei tid der mange har fokus på å minnast, og vi opplevde at ei sorgløype ute på kyrkjegarden var eit kjært tilskot til den tradisjonelle minnesamlinga laurdag, og gudstenesta og konsert søndag.






Utfordringa framover vil vere å stille opp for fellesskapen. Covid-pandemien har lært oss å løyse ting på kreative måtar, men vi har også lært oss ein unaturleg avstand der vi kikar på fellesskap frå ein skjerm. Ein slik konsumentposisjon med avstand inviterer til å vere tilskodar. Det er mykje greit i det, men ein kyrkjelyd er levande steinar av heilage, alminnelege menneske som dannar ulike mangfaldige fellesskap for tru og teneste. At vilja til å møte opp og ha noko å gje, vert like stor som vilja til å kikke på, konsummere og forbruke, er ei stor utfordring som møter oss. Prestetenesta vil i forkynne, støtte fellesskap og tilby samtale slik at vi saman kan stå i forsoninga si teneste der Guds gode krefter får verke og kalle oss til felleskap, glede, tru og framtidshåp. Velsigning er knytt til Guds under som skjer når vi deler og møter kvarandre med kjærleik .



Diakoni i Ulstein kyrkje

Den norske kyrkje definerer diakoni slik:

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og skal uttrykkast gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.



Vi har ein diakoniplan som synleggjer det diakonale arbeidet i Ulstein sokn. Den er er tufta på dei fire søylene i den norske kyrkja sin plan for diakoni:

- Nestekjærleik
- Inkluderande fellesskap
- Kamp for rettferd
- Vern om skaperverket

Ulstein sokn har diakon i 100% stilling og eit diakoniutval som består av:

Mari Ann Vattøy og
Cecilie Frantsen Skeide.

Diakonvikar er med i styret i Frivilligentralen.

Diakoni er både det som gjerast av diakon/diakoniarbeidere, men også ein dimensjon ved det å vere kyrkje.

Sidan 2021 også har vore prega av pandemi og nedstenging har vi måtte bruke kreativitet og tenke nytt, for å nå ut til dei som treng oss.

I 2021 har May-Britt Garnes jobba i ei 30% stilling som diakoniarbeidar, der arbeidet hennar har vore retta mot kyrkjekaffi og internasjonal kvinnegruppe. Mari Ann Vattøy har jobba som diakonvikar i 70% stilling dette året. 100% frå oktober 2021.

Besøksteneste: Heimebesøk telefonsamtalar og vandresamtale har vore høgt prioritert våren 2021. Sidan nedstenginga har vi måtte finne andre kanalar for å nå ut. Laga “visittkort” og vitja heimetenesta for å informere om vårt tilbod. Vi er deira forlenga arm. Dei kan sjå kven av sine brukarar som kan trenge og ynskje vår teneste. På den måten kan vi hjelpe kvarandre med å nå ut med eit betre tilbod til fleire. Ca. 90 i talet.

Stille time: Våren; stille time med keltisk kveldsbøn. Hausten 2021 starta vi opp med kveldsong, der Ingrid Nerhoel og Mari Ann Vattøy leda med song og bøn. Siste mandag i mnd. Det vart gjennomført 3 på vår og 3 på haust.

Bøne og- lovsongskveld har vore fast stort sett ein måndag i månaden. Slik har ein hatt eit tilbod annankvar måndag saman med kveldssong og bøn.

Andakter på sjukeheim og bygdestova: Januar 2021 var institusjonane stengt for andre enn bebuarar og tilsette. Men frå februar var det på nytt opning, og andakt vart gjennomført kvar veke til glede for både oss og bebuarane. Frå våren 2021 utvida vi tilbodet til også å gjelde Holsekerdalen 20. Der er vi annankvar torsdag. Det har blitt veldig godt mottatt!

Kyrkjelydsfest med Gudsteneste på Sjøborg og grilling i Saunesparken etterpå fekk vi arrangert, med godt oppmøte, våren 2021.

NYE TILBOD

Det er ei glede å kunne starte opp nye ting til glede for mange.

Ettermiddagskaffi med song og gode ord, med Ingrid Nerhoel og Mari Ann Vattøy, for dei eldre bebarane på Sjøsida, to samlinger vår og to samlingar på hausten. I tillegg til ei adventstund rett inn i jula. Eit godt tiltak som samlar ca 10-15 stk kvar gong.

I tillegg starta vi opp **Kyrkja på senteret** i mai 2021. Etter inspirasjon frå ein kyrkjelyd utanfor Bergen. Fantastisk med ei positiv leiing på Blåhuset, som let oss få låne lokalet så lenge det er ledig. Vi sette i gong med malarkosten, og skaffa møblar på gjenbruksbutikk og utlån frå eigne rekker. Så kostnaden har vore minimal. Første opningsdag var onsdag 5. mai. Høgtidelig opning med mellom anna ordførar og soknerådsleiar tilstades, hadde vi onsdag 12. mai. På opningsdagen var det song og musikk og kaker til alle frammøtte. Dette er tiltak vi er glade for å ha satt i gong, som har vist seg å vere ein kjærkomen møteplass. Sidan vi opna tidleg i mai, har det vore folk innom kvar onsdag. Opningstida er onsdager frå 11-15. Gjennomsnittleg besök 6 stk pr. gong. Nokon gongar meir, andre dagar mindre. Her får ein servert kaffi og hjerte-havrekjeks, og ein god prat. Kyrkja på senteret har også vist seg å vere ein god plass for vidare sjølesorgs- og vandresamtalar. «Det er lettare å kome innom her og avtale eit møte, enn å kome på kyrkjekontoret», er tilbakemeldinga .



Allehelgenshelg m/minnesamling, opa kyrkje og allehelgensgudsteneste. Nytt for året var ei minne- og håpsvandring på kyrkjegården utanfor kyrkja. Minnesamlinga var også i år sett til laurdag kl 17.00. På førehand var kyrkja pynta med kvite roser og kunst. Alle som ville fekk utdelt eit hjarte der dei kunne skrive på namn til den dei skulle minnast, og henge på eit håpstre inne kyrkja. Ei vakker stund med ca. 100 frammøtte. Tilbakemeldingane som har kome viser at denne minnesamlinga er særskilt viktig for dei sorgande. Ein stad der dei får vere saman i sorga.

Sorggruppa har lagt nede dette året, men vi inviterer inn att til våren 2022.



Sjølesorgssamtalar og vandresamtalar: Etter eit dødsfall får alle pårørande tilbod om heimebesøk eller samtale på telefon. Og i enkelte tilfeller har samtalane gått utover heile året. Eit tilbod som det verkar som mange set pris på. Har også nytta gåturar ute til samtalar. Såkalla "vandresamtalar". Mange føler at samtalen kan flyt lettare, når ein samtidig får vere ute i naturen.

Diakoniutvalget har siste året bestått av Cecilie Frantzen Skeide og dei to tilsette May Britt og Mari Ann. To innvalde har gått ut i løpet av året. Sidan dette skjedde midt i ei periode har vi valt å knytte folk til oss til dei ulike arrangementa, og det har fungert fint. Men all ære til Cecilie som har vore diakonvikar Mari Ann si høgre hand dette året. Grunna sjukdom har det vore desse to som har jobba i team siste havdel av året.

Vi har vore til hjelp i enkelte trusopplæringsprosjekt, som Kode B og Tårnagent. Vi har også fått tatt del på konfirmantleir sommaren 2021. Diakonvikaren fekk også vikariere for kateketen under haustens konfirmasjon. Ei



Gudsteneste med universell utforming vart gjennomført både i juni og i desember. Også dette året var det invitert inn berre frå vår eiga kommune og Hareid grunna pandemi. Rundt 50 stk møtte på kvar av gudstenestene. Dei frammøte hadde ei herlig stund med song og musikkglede anført av Fjøresteinane. Dei leia både allsongen og hadde eigne avdelingar. Konfirmantar var med i rollespel og hjalp til med prosjektor.



Også i 2021 gjennomførte vi **Hjertevarmeaksjonen** i samarbeid med Nykyrkjekarane og Frivilligsentralen. Vi kontakta ungdomsskulen for å få til ei fellssamling i amfiet for å informere om prosjektet, men grunna Covid, kunne ikkje dette gjennomførast. Inger Anne (Frivilligsentralen) og Mari Ann (diakonvikar) var innom 9b, og fortalte om aksjonen. Dei hadde veldig lyst til å bidra på sin måte, og ville gi kvar si julegåve. Tusen takk for initiativet! I år pakka vi rundt 70 matkasser, glede 200 mennesker. Så dette er bra! I tillegg til rause matkasser, får også borna flotte julegåver. Stor tusen takk til Nykyrkjekarane som gjer ein formidabel jobb med å promotere, hente, bringe og samle inn pengar. Og takk til Frivilligsentralen for godt samarbeid! Saman er vi sterke!!!



TAKK TIL FRIVILLIGE

Dei som er og har vore frivillige innanfor diakonien fekk ei lita julehelsing og havrehjarte som eit teikn på takknemlegheita og glede over å ha dei med.

Diakoniarbeidet blei nok også dette året annleis enn “vanlege” år. Men det har også gjort til at vi har måtte tenkje nytt og vore kreative i korleis vi kan nå ut til fleire. Og vi har også i år hatt eit veldig godt tverrfagleg samarbeid med dei andre i staben. Og vi ser at å kome ut i byen og gjere oss synlege for folket byggjer ned dørstokkar og opnar opp nye dører.

Diakoni er lettare sagt enn gjort... og det er gjennom “å gjere og vere og sjå” våre medmenneske at ein kan nå inn til hjartet.

Byggeklossen open barnehage

Konseptet «open barnehage» bygger på at born kjem saman med ein føresett og tek del på aktiviteten som blir tilbuddt. Dette gir foreldre den unike moglegheita å oppleve barnet sitt i samspel med andre barn. Byggeklossen open barnehage har i alle år også hatt ein viktig funksjon som nettverksbygging for foreldre.

Opningsdag er tysdag 09:00 – 15:00 kvar veke i skuletida. Det er alltid ei samlingsstund, eit aktivitetstilbod, felles lunsj og frileik som står på programmet. Annakvar veke er Babysong aktivitetstilboden etter lunsjen.

Byggeklossen har både årsplan og semesterplan, er regulert av Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar, og er drive etter utvida kristen formålsparagraf. Ved sida av det pedagogiske tilboden med formingsaktivitetar, samlingsstunder, song, forteljarstund og presentasjon av nokre bibelfortellingar, er det uformelle samværet ein viktig del av konseptet.

Bemannning

May-Britt Nesse Garnes har ansvar for gjennomføring av opningsdagane medan kateket Bjørn Losvik har eit overordna pedagogisk ansvar. Som opent tilbod er barnehagen også ein viktig del av diakonal satsing på familier i Ulstein. Diakonane hjelper også til ved enkelte aktivitetar i Byggeklossen open barnehage.

Corona-effekt

Som eit ope tilbod har vi dessverre merka effekten av korona- restriksjonane tydeleg gjennom eit lågare oppmøtetal – særleg om våren. Tidleg på hausten tok besøkstalet seg opp, men gjekk fort ned igjen til eit snitt på 4 born.

Opningstider

Barnehagen, nede på Fredheim:

Tysdag kl. 09.00 - 15.00

Babysong, oppe på Fredheim:
Annakvar veke.
kl. 12:00 - 13:00



Kyrkjemusikk i Ulstein kyrkje

Musikken i kyrkja engasjerer breidt. Den ber ordet ned i djupe lag i oss, dit det talte ordet ikkje når. Det ordet som blir sunge rører oss sterkare og meir personleg. Ein treng ikkje forstå for å bli berørt. Tonane går forbi alle unødvendige sperrer, og hjelper menneske å ta imot. Samspellet mellom musikken, bodskapen og kyrkjeromet opnar for innsikt og opplevingar mange set pris på.

Besøkstalet på fysiske og digitale musikkarrangement vitnar om det. Særstegnene smittevernreglar i 2021 har gjort at det fysiske oppmøtet på konsertar i kyrkja i år er på om lag 2005 personar. Men det digitale frammøtet er stort, men vanskeleg å rekne ut. Om lag 75 frivillige aktørar over 15 år har vore med å bidra musikalsk gjennom kor, band eller med soloinstrument i gudsteneste. I tillegg kjem alle barn og unge under 15 år som har vore aktivt med (t.d. barnekora i Ulstein sokn). Om lag 114 har vore med på planlegging/gjennomføring av konsertar i kyrkja.



Arbeid gjennom året

12.01	Digital orgelkonsert	Ståle Helvig
19.01.	Digital piano-meditasjon	Ståle Helvig
27.01	Digital minikonsert	Frid og Glede
24.02	Musikk og meditasjon	Musikkandakt
03.03	Musikk og meditasjon	Musikkandakt
10.03	Musikk og meditasjon	Musikkandakt
15.03	Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
17.03	Musikk og meditasjon	Musikkandakt
24.03	Musikk og meditasjon	Musikkandakt
31.03	Orgelkonsert	Ståle Helvig
12.04	Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
10.05	Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
14.06	Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
25.06	Tensing konsert	Ulstein Ten Sing
13.09	Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
04.10	Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
24.10	Gospelkoret	Konsert
07.11	Konsert	Jazz og Koral
08.11	Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
13.11	Gospelnight	Ulstein Ten Sing
30.11	Konsert	Ulstein Kulturskule
05.12	Konsert	Atle Pettersen og Ulstein Tensing
12.12	Digital konsert	Vi syng jula inn

Kordeltaking/solosong/ekstra instrumental i gudstenester

Ulstein Tween Sing (gruppe)	5 gudstenester
Korklubben	4 gudstenester
Gospelkoret	1 gudstenester
Solosong	17 gudstenester
Songgruppe vaksne	9 gudstenester
Ekstra instrumental/band	17 gudstenester
Fjøresteinane	2 gudsteneste
HDU gruppe	1 gudsteneste



Medlemer av utvalet:

Øyvin Sønnesyn,
Jan Thormodsæter



Vurdering av arbeidet

Barnekorarbeidet (henta frå årsmeldinga til barnekora):

Barnekora i kyrkja gjennomførte eit kalenderår med «vanleg» øvingsmønster. Fram til gjenopning av samfunnet i september 2021, har kora stort sett berre opptred med song på gudstenester utanom 27 mai då Ulstein Tween Sing heldt ein konsert i Holskerdalen 20.

Skuleåret 2020/2021 hadde Arnt Ole Grimstad, Lars Erling Hovlid, Bjørnar Hovlid og Ståle Helvig ansvaret for Ulstein Tween Sing.

I august 2021 tok Anne Marie Sødal og Ståle Helvig over leiaransvaret for Ulstein Tween Sing.

Bente Anita Pilskog og Ståle Helvig hadde ansvar for Korklubben heile kalenderåret 2021.

Konsertverksemد i eigen regi

Av dei etablerte «faste årlege konsertane» i Ulstein kyrkje blei kun orgelkonserten i den stille veka, Jazz og Koral på Allehelgensøndag og kulturskulekonserten gjennomført med fysisk oppmøte i kyrkja i 2021. «Vi syng jula inn» blei gjennomført digitalt, og julenattine 2021 blei avlyst.

Det blei satsa ein del på musikk/meditasjon-samlingar i kyrkja onsdagskveldar i fastetida, men då med små musikk-ensemblar, og strengt avstandsregime.

Mykje av møteverksemda for kyrkjemusikkutvalet har gått til planlegging av Julenattine 2021. Alle avtalar med musikarar var gjort, og notemateriale var utarbeidd. Det var difor ein stor nedtur å måtte avlyse konsertane. Ein reknar med å nytte mykje av det musikalske materialet på Julenattine 2022.

Musikk i gudsteneste

Også dette året blei mykje av det musikalske engasjementet i kyrkja kanalisiert gjennom gudstenestene. Korverksemda i kommunen har lagt nede store deler av arbeidsåret. Av vaksenkora i kommunen var det berre Gospelkoret som song på ei gudsteneste. Ulstein sokn sine barnekor har hatt litt meir aktivitet. Dei har difor klart å gjennomføre gudstenesesong etter normalen.

Talet på solistar, bandmusikarar og ekstra instrumentalistar har vore som normalt.



Nytt kyrkjebakkespel

Hausten 2021 var spelet over i fasen der alle aktørar og andre involverte var på plass. Finansieringa var i god rute, og øvingar og andre førebuingar var intenst i gang. Urframføring/premiere var sett til 19. mars 2022 på Sjøborg. Heilt på slutten av året kom meldinga om at koret (CorSonos) ikkje kunne klare å øve inn stoffet sitt til framføringsdato pga koronarestriksjonar. Spelet måtte difor utsetjast til 18 mars 2023.

Kantor si rolle i trusopplæring/kontakt med skulane.

Kantor var i 2021 med på 1 konfirmantleir, «Nytt liv» og «LysVaken». Det har ikkje vore mogleg eller naturleg med besøk i skuleklassar i 2021, men kantor fekk øvd inn eit lite juleprogram med 5.klasse på Ulsteinvik barneskule som blei sendt digitalt. Dette som ei erstatning for skulegudstenester.

Undervisning og trusopplæring i Ulstein kyrkje

Trusopplæringa: Vi ønskjer å stå saman med familiane i løftet om å la barna få leve og vekse i den kristne trua.

Vi legg vekt på å lage gode arrangement, der barna føler seg sett og trygge. På arrangementa vil vi ha fokus på fellesskap og på å gje dei unge kjennskap til kyrkja, høgtidene, kristen tru og tradisjon.



Frå tårnagentsamlinga i februar 2021.



LysVaken-gudstenesta første søndag i advent.

Tilbod på ulike alderstrinn:

Dåpssamtale.

Babysong.

1 år: Dåphelsing m/ bilet.

2 år: Samling m/ song, utdeling av spisebrikke og lunsj.

3 år: Dåphelsing.

4 år: Undretur og gudsteneste m/ utdeling av "Mi kyrkjebok".

5 år: "Sauen som vart borte".

6 år: Dåpsskulen.

1. kl.: Skapt (Ute i krinsane).

2. kl.: Nytt liv! (Ute i krinsane).

3. kl.: Tårnagent i kyrkja.

5. kl.: Bibelutdeling / kode B.

6. kl.: LysVaken, eit døgn i kyrkja.

9. kl.: Konfirmantundervisning.

15-18 år:

- Drypp ungdomsgudsteneste

- MILK-kurs

- Leiartrening på leir

- Alive-festival

- Ulike tilbod i samarbeid med ungdomsorganisasjonar.

Trusopplæringa i Ulstein sokn

Det trengs nesten ikkje å seiast, men det er ikkje til å unngå at aktivitetane i trusopplæringa vart prega av korona i 2021. Januar 2021 starta med ein nedstengingsperiode, som mellom anna førte til at vi ikkje fekk gjennomført den populære Dåpsskulen for seksåringar. Nokre av møtepunkta med born vart arrangert digitalt. Til dømes vart 4-årsboka levert heim til kvar fireåring, og vi laga ein film frå kyrkja som kvar enkelt fireåring kunne sjå heime saman med familien sin.



Fokuset var likevel å gjennomføre så mange aktivitetar som mogleg så normalt som mogleg.

Dette var eit uttalt mål i samfunnet, og Ulstein kyrkje ynskte å bidra til det. Her er nokre døme på dei arrangementa som vart gjennomført som normalt:

Tårnagent

Då Noreg opna opp igjen i februar, inviterte vi 3.-klassingane til Tårnagentsamling i Ulstein kyrkje. Det var tydeleg at mange born og familiar var ivrige etter å delta på aktivitetar, og heile 61 born vart Tårnagentar.

Det er spennande å finne den rauda tråden i agentløypa som strekk seg fra etasje til etasje på Fredheim, og endar på det litt skumle loftet. Etter bestått agentprøve utforskar vi tekstar frå Bibelen, og oppdagar nye og spanande ting i kyrkja vår. Alt frå spor etter den gamle middelalderkyrkja som ein gong stod på Ulstein, til kyrkjeklokken øvst i tårnet og den nye sklia som fører frå ei luke i det øvste loftet og ned til sakristiloftet. Tenk å få undersøke 500 år gammalt kyrkjesølv med lupe, og prøve å forske seg fram til kva som skjuler seg bak malinga på den overmalte altertavla frå 1600-talet, og rett etterpå krøke seg saman så godt du klarer i krypkjellaren under kyrkja...! Vi er veldig glade for at vi fekk gjennomført dette tiltaket for 61 born innimellom nedstengingar og karantenekrav.

LysVaken

Arrangement med matservering og overnatting midt i koronatida? Ja, faktisk! Mange born har hatt glede av å delta på LysVaken i Ulstein kyrkje dei siste åra. Fleire familiar tok kontakt i fjar og var bekymra for at borna ikkje skulle få oppleve dette døgnet med overnatting i kyrkja. Første helga i advent 2021 var restriksjonane løfta så mykje at det var mogleg å få til. 36 ellevåringer kom til Ulstein kyrkje laurdag 27. november med sovepose og liggeunderlag, klar for eit døgn med aktivitetar og litt mindre søvn enn vanleg. Dei fekk høyre bibelfortellingane om Jesus som tolvåring i tempelet, Jesus som stiller stormen, og Samuel i det gamle testamente som også sov i tempelet. Postløp, film, leik, gudsteneste og song i lag med TweenSing sto også på programmet.



Konfirmanttida i Ulstein byr
på leir, gudsteneste, diskus-
jon,
undervisning, bibel, bøn,
lystenning, leik,
fellesskap,
gode opplevingar
... og mykje meir!





Treng du ei pause frå årsmeldinga?
Bruk QR-koda med kameraet på
mobilen din :)



Konfirmasjon

Laurdag 4., laurdag 11. og søndag 12. september 2021 stod 81 ungdommar til konfirmasjon i Ulstein kyrkje. Å reise på konfirmantleir er noko konfirmantane ser fram til som eit høgdepunkt i konfirmantåret. Februar 2021 var det ikkje mogleg å reise på leir med halve konfirmantkullet slik vi brukar. For å ikkje gå glipp av leir som ein viktig læringsarena og sosial arena, kasta vi oss rundt når restriksjonane letta og arrangerte to leirar på rad første halvanna veka av sommarferien. Dermed fekk heile konfirmantkullet i 2021 moglegheit til å oppleve leirlivet. For å lage til ein GOD konfirmantleir trengs mange leiatar. STOR TAKK til ungdomsleiatarane som var med! Nokre av dei

MILK

Nokre veker etter at konfirmasjonsgudstestene er vel overstått, får konfirmantane tilbod om å delta på Minileiarkurs (MILK). Dette er eit viktig rekrutteringstiltak for Ulstein sokn, når det gjeld å dyrke fram leiatar til komande års konfirmantleir. Skuleåret 2021/2022 meldte 10 ungdommar seg til å delta på MILK. Dette er verdifull leiartrening både for kyrkje og samfunn, og ei investering vi som kyrkje dreg nytte av i åra framover.

Ungdomsleiatarar i aktivitet på konfirmantleir 2021.



Kontakt med barnehagar og skular

Samarbeidspunkta med skule og barnehage vart også prega av pandemi i 2021. 2.-klassingane frå skulane kom til kyrkja for å lære om påska gjennom å delta i påskevandring. For barnehagane sin del vart påskevandring i kyrkja erstatta med ein film frå Ulstein kyrkje om påskeevangeliet. Skulegudstenestane før jul vart ikkje noko av etter nye nedstengingar, medan dei av barnehagane som ville komme til julesamling i kyrkja gjorde det. I tillegg har Ulstein kyrkje eit samarbeidspunkt der vi besøker 5.-klassane med undervisning om Bibelen i ein KRLE-time. Dette let seg gjennomføre fordi restriksjonane akkurat då var på eit nivå som gjorde det gjennomførbart.

Alder	Trusopplæringstilbod	Oppslutnad i %				Snitt i %
		2018	2019	2020	2021	
0	Babysong	80	77	48	41	62
0	Dåpssamtale	123	108	95	93	105
2	Samling i kyrkja. Song, lunsj og utdeling av spisebrikke	18	43	97*	32	48
3	3 år i år		20	98*	100*	73
4	Utdeling av 4-årsbok	84	88	95*	95*	91
5	Sauen som vart attfunnen - leik og forteljing	36	25	-	-	31
6	Dåpsskule. 5 samlinger, to gudstenester	56	57	43	-	52
7	1. klasse: Skapt	51	71	61	70	63
7	2. klasse: Nytt liv + Hausttakkefest i kyrkja	79	40	69	61	62
9	3. klasse: Tårnagent + gudsteneste	43	64	-	71	59
10	5. klasse: KodeB	34	33	43	49	40
11	6. klasse: LysVaken + gudsteneste	17	47	-	40	35
15	Konfirmasjon	97	91	94	95	94
	Totalsum	59,83%	58,76 %	74,30 %	67,91 %	65,20 %

* Digitale sendingar, samt materiell køyrd ut til medlemmane.

- Trusopplæringstilboden ikkje gjennomført i 2020-2021.

Komit  :

For Ulstein NMS:

Inge Kaldhol

For Ulstein KFUK/KFUM:

Kamilla Grimstad Hagen og
Christina Grimstad Brekke.

For Ulstein sokn:

Bj  rn Losvik og
Ingrid Madli S  ter

Torsdagskveld p   Fredheim

Torsdagsm  ta p   Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS.

Planleggingskomite  en har i 2021 best  tt av Christina Grimstad Brekke og Kamilla Grimstad Hagen for Ulstein KFUK/KFUM, kateket Bj  rn Losvik og kyrkjelydspedagog Ingrid Madli S  ter for Ulstein sokn, Inge Kaldhol for Ulstein NMS.

I eit normal  r er det ynskjeleg med tre til fire samlinger pr. semester. 2021 vart til liks med 2020 eit   r prega av mange avlysningar og periodar med nedstenging. Det vart difor berre gjennomf  rt to Torsdagskveldsamlingar i 2021, begge i haustsemesteret:

23. september: Temakveld med Geir Sakseid, misjonskonsulent i M  re Bisped  me. Tema: Kyrkja sitt internasjonale engasjement. Gjennomf  rt med 24 framm  tte.

30. september: Foredrag og boklansering ved Helge Simonnes. Tema: « Arven etter Donald Trump – n  r konspirasjonsteoriar og religi  s retorikk truer demokratiet». Gjennomf  rt p   Ulstein bibliotek med ca 65 framm  tte.

Vi h  per og ber om at 2022 blir eit   r der vi f  r h  ve til   r arrangere fleire temakveldar.

Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane

Fylgjande organisasjonar har Ulstein sokn eit regelmessig samarbeid med:

Ulstein KFUK-KFUM

Leiar: Svein Arne Orvik

Ulstein KFUK-KFUM speidara

Leiar: Christfried Kaul

KRIK Ulstein

Leiar: Øyvind Erdal Christiansen

NMSU

Kontakt: Gunnhild Bremer

Ulsteinvik søndagsskule

Leiar: Silje Grimstad Tvedt

Hasund søndagsskule

Leiar: Margit Sundgot Aarland

Sunnmøre folkehøgskule

Rektor: Arnt Ole Grimstad

Ulstein KFUK-KFUM speidara

Gruppeleiar: Christfried Kaul

Styret: Kristian Osnes, Tonje Øyehaug Ruud, Tord Aksnes, Johannes Kaul
Ved utgangen av året hadde vi 170 medlemmar inkl. leiarar. Nedgangen på ca. 30 skyldast i stor grad ei opprydding i medlemsdatabasen.

I Ulsteinspeidarane har vi desse gruppene:

Stifinnar for jentene (3.-4. klasse), stifinnar for gutane (3.-4. klasse), vandrjenter (5.-10. klasse), vandrargutar (5.- 10. klasse) og roverar (vidaregåande). Til saman er det 11 patruljer og ei Rovergruppe.

Dei ulike patruljene har møte om lag annakvar veke. Møta føregår for det meste ute, og mange grupper har fast leirplass. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og kunnskap om naturen, men også personleg utvikling og samarbeid i gruppe.

På grunn av koronasituasjonen har nokre patruljer hatt litt færre møter en vanleg. Det er framleis mange stifinnarar og her treng ein at foreldre hjelper litt til på møtene.

Speiding er ein av dei aktivitetane som kunne gjennomførast nesten heile tida under koronapandemien og oppslutninga er framleis imponerande. Det blei litt færre turar for heile gruppa enn til vanleg.

KRIK Ulsteinvik

KRIK Ulsteinvik er eit aktivt miljø med 3 ulike aktivitetsgrupper og omlag 110 medlemmar, men dette inkluderer også familiemedlemmar og støtte-medlemmar.

Ung/VGs-KRIK: Kvar fredag. 15 i snitt pr samling.

Barne-KRIK: hatt pause i 2021

Mini-KRIK: Samlingar i vår før korona, kvar mandag. Snitt 30 stk.

Det har også vore arrangert den årlege KRIK- gudstenesta.

Søndagsskule

Søndagsskulane har samlingar annankvar veke på Fredheim og på Sundgot bedehus.

I Ulsteinvik er søndagsskulen med i kyrkja i starten av gudstenesta for så å gå til Fredheim før tekstlesingane. I Ulsteinvik er det også tårnagentklubb for dei over 8 år.

Våren 2021 har det vore nokre perioder med pauser for søndagsskulane pga. Korona- restriksjonane.

I Ulsteinvik er det ... medlemmar og eit oppmøte på ca. 25 i snitt

På Hasund er det ... medlemmar og eit oppmøte på ca. 10 i snitt.

Øvingstid:

Onsdagar: 19:00 - 21:30

Betalande medlemmar:

Pr. 31.12.21: 57 stk.

Styret:

Ragnar Heimland
Andreas Sundgot
Signe Aamodt Støylen
Håvard Dimmen
Eivind Bjåstad Hovlid (vara)

Ansvarleg vaksenleiar:

Ruben Voldsgaard

Vaksenleiar:

Øystein Grimstad Thormodsæter

Styreleiar:

Heine Ljones Kulø

Økonomileiar:

Merete Håheim (i august)
Oddgeir Nygjerde (frå august)

Danseleiar:

Aurora Bjerkvik

Filmleiar:

Martyna Bender og
Hedda Ljones Kulø

Dirigent:

Aurora Bjerkvik og
Marthe Sandvik Skeide

Bandleiar:

Ane Øvrelid Solås

Kontaktperson i Ulstein sokn:

Bjørn Losvik.

Ulstein Ten Sing

Ansvarleg vaksenleiar: Ruben Voldsgaard

Vaksenleiar: Øystein Grimstad Thormodsæter

Styreleiar: Heine Ljones Kulø

Økonomileiar: Merete Håheim (i august), Oddgeir Nygjerde (frå august)

Danseleiar: Aurora Bjerkvik

Filmleiar: Martyna Bender, Hedda Ljones Kulø

Dirigent: Aurora Bjerkvik, Marthe Sandvik Skeide

Bandleiar: Ane Øvrelid Solås

Øvrige styremedlemmer: Ragnar Heimland, Andreas Sundgot, Signe Aamodt

Støylen, Håvard Dimmen, Eivind Bjåstad Hovlid (vara)

Betalande medlemmer per 31.12.21: 57

Aktivitetar

Ulstein Ten Sing har øving fast kvar onsdag kl. 19.00-21.30 på Fredheim i Ulsteinvik. Den første halvtimen er alltid satt av til felles leik. Deretter følger øving med kor og band, ei matpause, info om det som skjer framover, og andakt. Vi plar avslutte kvar øving med å synge velsigninga i lag.

I 2021 har vi hatt fleire høgdepunkt. Det årlege vintertreffet skulle eigentleg vere fysisk i Ulsteinvik i likskap med året før, men måtte utsetjast og seinare gjerast digitalt for å få det til å bli noko av. I april var vi dermed vertskap for det første digitale vintertreffet i historia, der fleire av medlemmane i gruppa var med å arrangere og lage TV-sending med studio på Sunnmøre Folkehøgskule. I juni fikk vi høve til å halde to konserter på Sjøborg kulturhus, etter samfunnet opna i større grad. Over 500 personar fikk med seg vårt over ein times lange show bestående av musikk, dans, drama og film. Etterpå vart det pizzafest som ein del av sommeravslutninga.

I september hadde vi øvingslaurdag med felles videoprosjekt og masse sosialt. I november var vi med på 130-årsmarkeringa i KFUK-KFUM Møre og Romsdal, både på volleyballturnering, middag, Gospel Night og sosalkveld. Dette var kjempekjekt, også fordi vi fekk møte dei andre Ten Sing-gruppene i krinsen.

I desember fekk vi avslutte året med å kore for Atle Pettersen på konserten han hadde i Ulstein kyrkje, berre eit par dagar før det kom nye restriksjonar. Dermed fall juleball og juleavslutning ut også i 2021. Konserten med Atle Pettersen må likevel kunne reknast som ei verdig avslutning på eit elles fantastisk TenSing-år!

Bandleiar:

Ane Øvrelid Solås



Bygg og anlegg



Ulstein kyrkje

Sjølv om talet på deltagarar på arrangement i kyrkja har gått ned pga. dei strenge smittevernsrestriksjonane har Ulstein kyrkje vore ei kyrkje mange fann vegen til – også utanom arrangement. Ulstein kyrkje er open tysdag – fredag 08:00 – 16:00 og det er mange som er innom for å finne ro, be ei bøn eller la seg inspirere. For soknet er det å kunne ha eit ope kyrkjebygg eit viktig trekk i å vere kyrkje, å vere Saman på ferda slik mottoet til Ulstein kyrkje er.

Nye kyrkjedører

Tidleg på våren 2021 fekk vi sett inn ny hovuddør og nye ytterdører til sakristiet. Snekkerfirmaet "Bak dei blå dørene" fekk dette oppdraget og har gjennomført med stor fagleg kynde og engasjement for bygget. Dørene er kopiar av dørene slik dei var sette inn rundt 1960 – også med den originale raudfargen tilbake. Også plata med innskrift «Gå gjennom hans portar med lovsang» blei restaurert med mykje kjærleik.

Dørene er utført i massiv eik slik riksantikvaren har råda til. På grunn av materialvalet har dørene tendens til å utvide seg ganske mykje når vi har ein fuktig værtype og krymper når lufta er tørr. Dette har skapt problem og dørene måtte høvlast fleire gonger for å kunne opne og lukke dei. Det går seg vonaleg til med åra.



Nytt varmeanlegg

Ulstein kyrkje er ei listeført trekirke som er hyppig brukt. Den største utfordringa for bevaring av treverket er at lufttemperaturen er for låg. Dette skjer når kyrkja står varm lenge. Anbefalinga for å hindre skade er at kyrkja skal stå kaldt når ho ikkje er i bruk, og at ho bli varma opp så kort som nødvendig og så fort som mogleg for eit arrangement. Ved hjelp av midlar frå riksantikvaren og kommunale investeringsmidlar kunne vi skifte ut varmeanlegget i Ulstein kyrkje. Dei gamle røromnane, der mange har svidd skosålane sine og nokon brent seg er historie! Dei nye omnane er monterte direkte under benkane og dei avgir ein jamn og meir behagleg varme enn dei gamle røromnane. Sjølv om kyrkjegolvet no er fritt for omnar er det ikkje berre å flytte benkar fritt. For å ivareta sikkeheita i det elektriske opplegget er dei fleste benkane no skrudde fast i golvet. Benkane som framleis kan flyttast har stikkontakt. Den største forskjellen til tidlegare oppvarming er at den samla effekten for omnar er nær dobla til 42 kw i kyrkjerommet. Også våpenhuset har fått nye omnar med betre plassering og effekt enn før. Her har vi gått for infrarødomnar montert i taket. Sjølv på dei kaldaste dagane tek det ikkje meir enn 2 timer fra ein romtemperatur på 11 grader til ein brukstempertur på ca. 19 grader. Eit nytt styringssystem hjelper oss å kunne varme opp ulike soner i kyrkja etter ulike bruksmønster. Elcontact vann anbodskonkurransen og utførte arbeid på ein framifrå måte. For å halde kostnadene nede blei ein del av tilleggsarbeidet utført av eigne tilsette og frivillige hjalparar

På grunn av høge brukstoppar (opp til 50kw) slår den større effekten av oppvarmingssystemet ut på ei dyrare straumrekning sjølv om samla forbruk ikkje ser ut til å gå opp.




Nylakka golv og vaskedugnad

Ved utkifting av omnane blei også golvet i kyrkja rua opp og lakka. I tråd med råda frå riksantikvaren skal eit slikt historisk golv ikkje slipast ned. Bruksspora er viktige tidsvitne og difor kunne kyrkjegolvet kun bli slipt for hand og lakka over. Ward1 utførte dette arbeidet profesjonelt og med stor respekt for kyrkjebygget.

Dette arbeidet førte til ein del støv som sette seg mange plassar i kyrkjebygget. Det blei kalla saman til ein vaskedugnad før konfirmasjonsgudstenestene kunne finne stad. Også skruing av benkane til kyrkjegolvet blei utført på dugnad.

Det blei også skifta ut ei eldre eltavle som framleis hadde keramiske sikringar, slik at kyrkja har ein trygg teknisk standard på det elektriske anlegget.



Ulstein nye kyrkje

Også i 2021 har arbeidet gått vidare med å kome nærare ei realisering av Ulstein nye kyrkje. Bygging av Ulstein nye kyrkje vart forankra i langtidsplanen for investeringar i Ulstein kommune slik:

«Ulstein kommune har som intensjon at Nye Ulstein kyrkje skal byggast. Ulstein kommunestyre ber Ulstein sokn halde fram arbeidet med deira del av den samla finansieringa.»

Parallelt med den politiske handsaminga av Ulstein kommune sin 10-årige investeringsplan har soknet jobba med å gjere ein del endringar i prosjektet:

1. Soknet har gått gjennom romprogrammet og sett på moglegeite for å redusere areal.
2. Saman med Sporstøl arkitekter, byggingeniørfirma Conplan og arkitektkontoret Snøhetta har vi utfordra konstruksjonsløysingar i skisseprosjekt, og sett på val av materiale.
3. Materialval for tak og fasade har vi hatt ekstra fokus på med omsyn av klimaforhold og vedlikehaldskostnad, og vi har gått vekk frå tre som materialet for kledning.
4. Det er ei målsetjing å få kostnadene redusert frå 102 MNOK til 85 MNOK med utgangspunkt i talmaterialet frå skisseprosjekt frå 2017.

Trass i at det ikkje var mogleg å setje i gang større innsamlingsaksjonar har det blitt samla in 622.000 gjennom gjevartenesta for Ulstein nye kyrkje. Ved årsslutt 2021 er fonda for bygging av Ulstein nye kyrkje på til saman 6,7 MNOK.

Kyrkjegardane

Osnes kyrkjegard

Gravferdsforvaltinga har jobba også i 2021 intenst med å bruke tilgjengeleg kapasitet av graver på ein effektiv måte. Men gjenbruk av graver er meir tidkrevjande enn å ta i bruk nye graver og kan også vere ei psykisk påkjenning for dei som jobbar med dette. Gjennom tenesteytingsavtalen hjelper teknisk etat i Ulstein kommune ofte ved graving, slik at vi kan garantere at det kvar gong er 2 arbeidarar saman på graving slik HMS-forskriftene krev det. Behov for ein ny gravplass blir meir prekært med kvart år den politiske prosessen drøyer med å fastsetje lokalisering for utviding / nyetablering av gravplass i Ulstein kommune.

Arbeidet med å etablere ein namna minnelund på eksisterande kyrkjegard har gått noko vidare i 2021, men prosessen blei forsinka noko pga. utskifting av personal på kyrkjekontoret.

Til å rekke over stell av gravplassen blei det også i 2021 leigd inn sommarvikarar i ferietida. Nokre av trea på Osneset er blitt for store og nokre har teikn til råte slik at det bør leggjast ein plan for fjerning og nyplanting. Vi er uroa over den skiftande sandbalansen på Osnessanden med fare for utvasking ved stormflo. Vegetasjonen i kanten mot sanden er eit viktig ledd i vernet, og vi treng å hente inn kunnskap for stell av tre-vegetasjonen på dette området.

Stell av gravplass, graving og diverse anna arbeid på anlegget har base i eit driftshus der maskinparken og utstyret har sin plass og naudsynt vedlikehaldsmateriell blir lagra. Arbeidarane har etterlyst isolering av garasja for å kunne utføre noko vedlikehaldsarbeid innandørs på kalde dagar. Også lagringskapasiteten på utsida bør betrast slik at alt utstyr kjem under tak.

Ulstein gamle kyrkjested

Den første kyrkjeplassen i Ulstein kommune var plassert ved den siste hamna før kryssing av Breisundet vidare til Giske eller Borgund. Etter at kyrkja vart flytta til Ulsteinvik sentrum står det nokre gravminne att, den mest verdi fulle er etter Christoffer Rønneberg. Med stort engasjement av legatet til etterkommarane etter Christoffer Rønneberg, tok prosessen med ei avstøyning og restaurering av gravminna til i løpet av 2021. Støttemuren for Ulstein gamle kyrkjested har tatt skade over tid, mange steinar har rasa ut på nordsida. Det er framleis eit ønske om å legg betre til rette for markering av staden som eit ledd i Kystpilgrimsleia.

Kyrkjegarden ved Ulstein kyrkje

Vik kyrkjegard rundt Ulstein kyrkje har status som nedlagd. Å kunne ta deler av denne i bruk igjen som namna minnelund ville gi dette området eit løft og ein bruksfunksjon igjen. Arbeid med dette treng å skje i dialog med vurderinger i forhold til kulturminnelova.

Kyrkjekontoret

Kyrkjekontoret ligg i andre etasje i Sjögata 61. Alle har kontorplass, men det er mangel på samtalerom til ulik bruk. Tilkomsten er ikkje universelt utforma, og byr på utfordringar for brukarar. Bygget er därleg isolert og ikkje alle kontora har tilstrekkeleg med oppvarming. Kontoret fekk ei oppgradering i 2021. Det blei blant anna installert eit toalett nr. 2. Staben gjorde ein stor felles innsats for å male veggane, skifte golv, betre lagringstilhøve og rydde og kaste overflødige ting. Dei fleste persiennane blei også skifta.



Økonomi

Økonomien viser eit reknakapsmessig meirforbruk på kr. 330.305.

Vi har hatt høgare lønsutgifter enn det var budsjettet med på grunn av utviding av sekretærstilling til 100% frå september, og overlapping i sekretærstilling i august for å skape ein smidig overgang. Refusjonar for sjukmelde arbeidstakrar er også lågare enn kostnadssida. Vi har også brukt for lite av tilgjengeleg premiefond i KLP - noko som vil kome positivt inn i rekneskap for 2022.

Både arrangementsinntekter og gåveinntekter har vore tydeleg reduserte og er ei større årsak til meirforbruket.

Ulstein sokn har eit driftsfond som kan dekke meirforbruket, men beløpet er så stort at det er viktig å ha god økonomistyring framover for å sikre at vi kan halde oss innanfor budsjettet i 2022.

Det har vore ei bevisst satsing av Ulstein kyrklege fellesråd å ha ein stab der dei aller fleste har 100% stillinger. Dette sikrer oss å få den kompetansen og den kontinuiteten vi treng for å levere gode tenester. Å sikre finansiering for desse stillingane er vesentleg når vi i 2022 skal reforhandle avtalen med kommunen for økonomisk ramme og tenesteyting.

Mykje av vedlikehaldsarbeid i Ulstein kyrkje kunne vi gjennomføre ved hjelp av kommunale investeringsmidlar og eit stort bidrag frå riksantikvaren. Desse går ikkje gjennom Ulstein kyrklege fellesråd sin rekneskap.


Offer, kollekt og gåver

Med færre gudstenestedeltakrar har også kollektinntektene gått betydeleg ned. Beløp på ofring til eksterne formål har hatt ein mindre nedgang, mens ofring til eigne føremål er meir enn halvert i forhold til åra før pandemien. Også fasteaksjonen har gitt eit strekt redusert beløp enn i åra før pandemien.


Gjevargleda under matinnsamlingsaksjonen har vore stor også i 2021. Nykyrkjekarane rapporterer om kr. 51.000 i pengegåver til årets Hjartearme til jul.

Gjevartenesta til ungdomsarbeidarstillinga har gått ned. Beløpet vi samlar inn gjennom gjevartenesta til denne så viktige stillinga dekker mindre enn 10% av kostnadene. Vi får ingen kommunale tilskot til denne stillinga. Her treng vi eit kraftig økonomisk løft for å kunne halde fram med engasjementet.


Gjevarteneste til Ulstein nye kyrkje har auka litt i forhold til fjoråret. Med 6,3 MNOK kr. etter 6 år med innsamling er vi godt på veg å kunne nå 10 MNOK etter 10 år med gjevarteneste.



Gjevarteneste ungdomsarbeidar



Gjevarteneste Ulstein nye kyrkje



Driftstilskot til Ulstein kyrkjelege fellesråd/Ulstein sokneråd

Ulstein kyrkjelege fellesråd har fått kr. 6.252.051 tilskot frå Ulstein kommune til drift av kyrkje, inkl. kantor, kyrkjetenar og klokkar, til kyrkjeleg administrasjon, til 50% diakonstilling, til 50% kateketstilling, til kyrkjemusikk, og til gravplassforvaltning i Ulstein kommune og avdragskostnader for soknet sine lån. Også inkludert i det kommunale tilskotet er kr. 141.700 barnehagetilskot frå Ulstein kommune for å drive Byggeklossen open barnehage.

Ulstein sokneråd har fått kr. 1.498.352 frå Rettssubjekt Den norske kyrkje til 50% kateketstilling, 50% diakonstilling, og til å drive trusopplæring inkl. stilling til kyrkjelydspedagog. Trusopplæringstilskotet dekker mindre enn lønskostnadene og kyrkjelyden brukar innsamla midlar til å finansiere trusopplæringsarbeidet.

Utgifter	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Løn og sosiale utgifter	6 535 062	5 579 834	5 401 459
Kjøp av varer og tenester	1 790 298	2 139 918	2 345 262
Refusjonar / Overføringer	3 692 992	3 843 902	3 996 521
Kalk. utg ved kommunal tenesteytingsavtale	258 000	0	
Tilskot og gåver	157 080	404 100	160 808
Sum driftsutgifter	12 433 432	11 967 754	11 904 050
Brutto driftsresultat	- 1 087 571	99 550	- 1 718 112
Renteinntekter og utbytte	- 79 507	- 40 000	- 108 874
Mottekne avdrag på utlån	0	0	
Renteutgifter og låneomkostningar	72 812	45 000	33 223
Avdrag på lån	1 039 021	114 000	1 013 065
Utlån, kjøp av aksjer, andel og liknande	0	12 000	0
Netto finansinntekter/-utgifter	1 032 326	131 000	937 414
Avskrivningar	526 958	0	586 668
Motpost avskrivningar	- 526 958	0	- 586 668
Netto driftsresultat	- 55 245	230 550	- 780 698
Interne finansieringstransaksjonar			
Bruk av udisponert frå tidlegare år (mindreforbruk)	- 193 967	- 193 967	- 680 687
Bruk av disposisjonsfond	- 85 000	- 85 000	- 65 000
Bruk av bundne fond	- 93 492	- 145 550	- 17 950
Sum bruk av avsetninger	- 382 459	- 230 550	- 763 637
Avsett til dekning frå tidlegare år (underskot)			
Avsett til disposisjonsfond		193 967	680 687
Avsett til bundne fond	758 009	0	625 871
Overført til investeringsrekneskapen			43 810
Sum avsetninger	758 009	0	1 350 368
MEIRFORBRUK / MINDREFORBRUK	330 305	0	- 193 967

Inntekter	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Brukabetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	- 466 392	- 764 150	-673 118
Sal av driftsmidlar / fast eigedom	0	0	- 3000
Refusjonar / Overføringar	- 4 138 705	- 3 906 4229	- 3 865 589
Kalk. inntekt ved komm. tj. yttingsavtale	- 258 000	0	
Statlege tilskot			- 148 702
Tilskot frå resttssubjektet Den norske kyrkje	- 1 498 352	- 1 324 622	- 1 470 839
Rammeoverføringer / tilskot frå eiga kommune	- 6 252 051	- 5 329 003	- 6 623 077
Tilskot frå soknet sine organ	0	0	
Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	- 907 503	- 544 000	- 846 837
Sum driftsinntekter	- 13 521 003	- 11 868 204	- 13 622 162

Oversikt over tilskot og gåver	2018	2019	2020	2021
Offer / kollekt i kyrkja	404 077	412 979	273 337	239 497
Av dette - offer / kollekt til eiga verksemd	214 199	240 496	112 926	102 555
Av dette - offer til andre	189 878	172 483	160 411	136 942
Gjevarteneste Ulstein nye kyrkje	1 148 750	700 650	557 000	610 500
Gjevarteneste	23 000	15 000	16 500	13 500
Minnegåver	43 127	19 146		
Andre innsamlingar	274 799	35 770		32 580
Fasteaksjonen - gjennom lokal bokføring	141 785	81 821		11 426
Fasteaksjonen - direkte til KN (folk i Ulstein) *		31 363	102 728	87 061
Innsamlingar totalt	2 035 538	1 311 729	949 565	994 564

* Beløpet er ikkje reknskapsført i Ulstein kyrkjelege fellesråd fordi det er gitt direkte til Kirkens Nødhjelp gjennom sentral Vipps.

Informasjon og kontakt

Opa kyrkje, kyrkje på senteret og ope kontor

Tysdag til fredag er Ulstein kyrkje open for besøk mellom 08:00 og 16:00. Å ha ei opa kyrkje er viktig for å vere tilgjengeleg som kyrkje.

Kyrkja på senteret er open kvar onsdag 11:00 – 15:00 og har blitt eit viktig og hyppig brukt uformelt møtepunkt

Kyrkjekontoret er ope tysdag til fredag 10:00-14:00 for publikum. Trass i auka bruk av digital kommunikasjon er den personlege kontakten med tilsette gjennom eit ope kontor viktig.

Kyrkjesida i Vikebladet/Vestposten, nettsider og sosiale media, oppslagstavle, informasjon i våpenhuset

Å ha gode kanalar til nå ut til mange er viktig for ei folkekyrkje med 6700 medlemmar. Det er ulike behov for ulike grupper og det er stor forskjell på korleis informasjonen blir registrert eller aktivt leita opp.

Med kyrkjesida i Vikebladet Vestposten når vi fram til mange husstandar gjennom papiravisa. Denne ordninga er verdifull med tanke på at kyrkja kan nå ut til sine ca. 6.600 medlemmar. Kyrkjesida kjem på trykk annankvar veke i veksel og samarbeid med Hareid, slik at vi veke for veke får informere om aktivitetane i kyrkjelyden. Men aktivitetane våre har også vore journalistisk interessante og artiklar om Ulstein kyrkje sitt arbeid er ofte å finne i lokalavisa.

Plakatar og flygeblad er også framleis viktige. Glastavla ved inngangen til kyrketomta er ei viktig kjelde for informasjon, og brosjyremateriell ligg både i våpenhuset og ved turistinformasjonen på Ulstein Arena.

Heimesida til Ulstein sokn, www.ulsteinkyrkje.no er ei viktig kjelde for informasjon og er lagt opp slik at det skal vere lett å finne informasjon om kyrklege handlingar, gudstenesteliv og kyrkjelydsarbeid. Dei fleste brukar påmeldingsløysinga på heimesida vår for å melde barna til dåp, ungdom til konfirmasjonsundervisning eller barna til trusopplæringstiltak. Men det er også mange som ikkje bruker sosiale media aktivt som går inn i kalenderen på heimesida for å finne fram informasjon.

Facebook er den kanalen vi bruker mest for å reklamere for og omtale arrangement i tida tett før det skal finne stad. Deling av bidrag, kommentering av innlegg, glimt frå arrangement som har vore, er med i å skape identiteten til kyrkjelyden.

Til streaming av arrangement er både YouTube og Facebook kanalar vi brukar. Sosiale media, og streamingkanalar har også i 2021 vore heilt avgjerande for å kunne vere kyrkje for fleire enn dei som fekk lov å samle seg i kyrkerommet. Likevel kan dei digitale kanalane ikkje erstatte verdien av å møtast fysisk. Men alle gudstenester blir overført via ein lukka linje til TV- apparat i institusjonane.

Å vere tilstades i media krev både tid, ein god strategi og praktisk kunnskap. Ved tilsetting av sekretær i 2021 var dette også eit viktig poeng og ein viktig grunn til at vi auka stillinga til 100%.

Kontakt med Ulstein kommune

Soknet har eit godt samarbeid med Ulstein kommune. Ordføraren er kommunen sin representant i Ulstein kyrklege fellesråd, og dette er med på å verdsette kyrkja sitt arbeid og gjev oss ei viktig kontakt inn i dei politiske organa. Gjennom ein samarbeidsavtale med Ulstein kommune får Ulstein sokn føreseielege rammer for arbeidet. Det er eit godt samarbeidsklima med kommuneadministrasjonen, og gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert rekneskapstenester, administrering av lønn for tilsette og praktiske tenester knytt til arbeid på kyrkjegarden.

Kontakt med prosten i Søre Sunnmøre

Prosten leier prestetenesta i prostiet og er med dette nærmeste overordna for prestane. Gjennom prosten sitt initiativ har vi ein årleg prostidag for alle tilsette i prostiet. Prosten deltek også regelmessig på samlinga til kyrkjevergene og har årlege møte med stab og sokneråd.

Kontakt med Møre Bispedømeråd

Ulstein sokn får kompetansetilskot til kateketstillinga og til diakonstillinga. Tilskotet utgjer 50% av lønskostnadene til desse stillingane. Ulstein sokn mottek også årleg tilskot for trusopplæring. Dette arbeidet skjer etter ein godkjent plan og er utvida sidan soknet i 2014 mottok tilskotet for første gong.

Sluttord

Eg avslutta årsmeldinga for 2020 slik:

« For dei fleste av oss, så har 2020 vore eit år som har blitt annleis enn det vi såg for oss. Både for oss som einskildmenneske, for oss som medlemer i ein kyrkjelyd og som borgarar i det lokalsamfunnet vi er og vil vere ein del av. Vi kjenner på saknet av folk og fellesskap.»

Då eg skreiv dette hadde eg tru på at året 2021 skulle bli annleis. Men så viste det det seg at i stor grad fekk vi meir av det same. Men no, i skrivande stund, ser det du som om vi vi kan ha større fokus på det å vere kyrkje, å dyrke fellesskapet og vite og å kjenne på at vi er del av Ulstein kyrkjelyd.

Og i tida framover vil eg utfordre oss på to felt:

Ikkje alt skal vere slik det var før. Framtida ligg ikkje i fortida. Men likevel, etter mitt syn vert det viktig å reetablere dei sentrale fellesskapsarenaene. Det å vite og å sjå at vi er ein del av ein større fellesskap, gjev vekst og det gjev grunnlag for styrka trusliv.

Det har vore arbeidt aktivt for å ha framdrift i prosessen med Nye Ulstein kyrkje. Fleire har etterspurt meir info om kvar står vi. Vi har til ei viss grad orientert om dette på heimesida, og vi har nytta lokalavisa når det har vore aktuelt. I vårt arbeid tek vi Ulstein kommune på alvor når det gjennom vedtak er sagt at:

Ulstein kommune har som intensjon at Nye Ulstein kyrkje skal byggast. Ulstein kommunestyre ber Ulstein sokn halde fram arbeidet med vår del av finansieringa.

Eit slikt vedtak forpliktar oss og det forpliktar Ulstein kommune.

Takk til alle for di deltaking, di omsorg, omtanke og forbøn!



Odd Arne Vikebakk
Leiar sokneråd og fellesråd

*Ulstein Søkn
Årsmelding 2021*

www.ulsteinkyrkje.no



DEN NORSKE KYRKJA